

# Eksamen

01.06.2021

RLV2002 Sal og marknadsføring / Salg og markedsføring

**Programområde:** Reiseliv

LK06

# Nynorsk

## Eksamensinformasjon

<b>Eksamenstid</b>	Eksamen varer i 4 timar.
<b>Hjelpemiddel</b>	Alle hjelpemiddel er tillatne, unntatt ope Internett, samskriving, chat og andre moglegheiter for å kunne utveksle informasjon med andre.  Bruk av pc/datamaskin er ein føresetnad, inkludert bruk av tekstbehandlingsprogram som t.d. Word.
<b>Bruk av kjelder</b>	Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.  Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.
<b>Informasjon om vurderinga</b>	I denne oppgåva vert det lagt vekt på: <ul style="list-style-type: none"><li>• I kva grad du har nådd måla i læreplanen.</li><li>• At du kan knytte saman teori og praksis.</li><li>• At svara dine er grunngitt fagleg.</li></ul> Spesielt for denne oppgåva: <ul style="list-style-type: none"><li>• Du skal kunne identifisera kjenneteikn ved nasjonale og internasjonale segment i reiselivsnæringa og føreslå berekraftige produkt som kan seljast i desse marknadane.</li><li>• Du skal kunne segmentera ein marknad og vurdere målgrupper.</li><li>• Du skal kunne vurdere konkurransefortrinn norsk reiseliv har</li><li>• Du skal kunne bruka aktuelle lover og etiske reglar ved bruk av digitale verktøy i arbeidet med marknadsføringa</li></ul>

### TIPS TIL DEG SOM AKKURAT HAR FÅTT EKSAMENSOPPGÅVA:

- Start med å lese oppgåveinstruksen godt.
- Hugs å føre opp kjeldene i svaret ditt dersom du bruker kjelder.
- Les gjennom det du har skrive, før du leverer.
- Bruk tida. Det er lurt å drikke og ete undervegs.

**Lykke til!**

Du har fått jobb på det lokale turistkontoret på heimstaden din sommaren 2021. Covid 19 gjer at det framleis er usikkert korleis turistsesongen dette året vil bli, men de legg uansett opp til ein travel sesong. Satsinga dette året blir på den norske marknaden, men de førebur dykk òg på at det kan komma ein del utanlandske gjester.

## Oppgåve 1

Presenter kort heimstaden din med utgangspunkt i det heilskaplege reiselivsproduktet og der du vektlegg konkurransefortrinna destinasjonen har i ein internasjonal marknad.

## Oppgåve 2

Som ei av fleire arbeidsoppgåver har du ansvaret for å marknadsføre heimstaden din. For å treffe godt med marknadsføringa så ynskjer du å segmentera marknaden i større grad enn det som har blitt gjort fram til i dag. Det er særleg den norske marknaden som har behov for ei meir strategisk marknadsføring. Ta utgangspunkt i SMP-metoden, og gjer greie for korleis du vil segmentera marknaden. Segmenteringa skal resultera i minst 2 konkrete målgrupper. Ta eigne føresetnader ved behov, og grunngje val du tar.

## Oppgåve 3

I marknaden i dag er digital marknadsføring kanskje viktigare enn nokon gong.

- a) Forklar kva digital marknadsføring er.
- b) Marknadsføring er regulert av lova. Gjer kort greie for hovudinnhaldet i lova som regulerer aktivitetar knyta til marknadsføring.
- c) Vel ei av målgruppene som du har komme fram til i oppgåve 2, og forklar kva for nokre digitale verktøy og kanalar du vil ta i bruk for å marknadsføre heimstaden din mot denne målgruppa sommarsesongen 2021. Grunngje svaret ditt.

# Bokmål

## Eksamensinformasjon

<b>Eksamenstid</b>	Eksamen varer i 4 timer.
<b>Hjelpemidler</b>	Alle hjelpemiddel er tillatt, unntatt åpent Internett, samskriving, chat og andre muligheter for å kunne utveksle informasjon med andre.  Det forutsettes bruk av pc/datamaskin, inkludert bruk av tekstbehandlingsprogram som f.eks. Word.
<b>Bruk av kilder</b>	Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.  Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.
<b>Informasjon om vurderingen</b>	I denne oppgaven blir det lagt vekt på: <ul style="list-style-type: none"><li>• I hvilken grad du har nådd målene i læreplanen.</li><li>• At du kan knytte sammen teori og praksis.</li><li>• At svarene dine har en faglig begrunnelse.</li></ul> Spesielt for denne oppgaven: <ul style="list-style-type: none"><li>• Du skal kunne identifisere kjennetegn ved nasjonale og internasjonale segment i reiselivsnæringen og foreslå bærekraftige produkt som kan selges i disse markedene.</li><li>• Du skal kunne segmentere et marked og vurdere målgrupper.</li><li>• Du skal kunne vurdere konkurransefortrinn norsk reiseliv har</li><li>• Du skal kunne bruke aktuelle lover og etiske regler ved bruk av digitale verktøy i markedsføringsarbeidet</li></ul>

### TIPS TIL DEG SOM AKKURAT HAR FÅTT EKSAMENSOPPGAVEN:

- Start med å lese oppgaveinstruksen godt.
- Husk å føre opp kildene i svaret ditt dersom du bruker kilder.
- Les gjennom det du har skrevet, før du leverer.
- Bruk tiden. Det er lurt å drikke og spise underveis.

**Lykke til!**

Du har fått jobb på det lokale turistkontoret på hjemstedet ditt sommeren 2021. Covid 19 gjør at det fortsatt er usikkert hvordan årets turistsesong vil bli, men dere legger uansett opp til en travel sesong. Årets satsning blir på det norske markedet, men dere forbereder dere også på at det kan komme en del utenlandske gjester.

## Oppgave 1

Presenter kort hjemstedet ditt med utgangspunkt i det helhetlige reiselivsproduktet og der du vektlegger destinasjonens konkurransefortrinn i et internasjonalt marked.

## Oppgave 2

Som en av flere arbeidsoppgaver har du ansvar for å markedsføre hjemstedet ditt. For å treffe godt med markedsføringen så ønsker du å segmentere markedet i større grad enn det som har blitt gjort fram til i dag. Det er særlig det norske markedet som har behov for en mer strategisk markedsføring. Ta utgangspunkt i SMP-metoden, og gjør rede for hvordan du vil segmentere markedet. Segmenteringen skal resultere i minst 2 konkrete målgrupper. Ta egne forutsetninger ved behov, og begrunn valg du tar.

## Oppgave 3

I dagens marked er digital markedsføring kanskje viktigere enn noen gang.

- a) Forklar hva digital markedsføring er.
- b) Markedsføring er lovregulert. Gjør kort rede for hovedinnholdet i loven som regulerer markedsføringsaktiviteter.
- c) Velg en av målgruppene som du har kommet fram til i oppgave 2, og forklar hvilke digitale verktøy og kanaler du vil ta i bruk for å markedsføre hjemstedet ditt mot denne målgruppen sommersesongen 2021. Begrunn svaret ditt.



[www.vigoiks.no/eksamen](http://www.vigoiks.no/eksamen)